



BARK as
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2922 - 14/11997

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

19.05.2014

Søknad om løyve til tiltak på gbnr 137/201 - trong for tilleggsinformasjon.

Kommunen viser til søknad om løyve til tiltak og dispensasjon frå plankrav for innreiing av kjellar til leilighet på gbnr 137/201 og til samtale med ansvarleg søkjar om saka.

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007-2019. I samsvar med punkt 2.3 i planen er det eit generelt krav til utarbeiding av reguleringsplan før tiltak som omsøkt kan gjennomførast. Det er samstundes nedfelt i planen i punkt 2.4 som omhandlar byggeområde utan krav til reguleringsplan, at det i områda som er heilt eller delvis utbygd utan reguleringsplan kan gjennomførast tiltak på visse vilkår.

I punkt 2.4 står det:

«Område som er heilt eller delvis utbygd utan reguleringsplan vert betrakta som eit byggeområde. I desse områda kan det gjennomførast tiltak om det er teke høgd for følgjande:

Kapasitet på infrastruktur som veg, vatn, kloakk og straum.

Det er areal eigna til leik igjen på tomten etter tiltaket er gjennomført.

Nye tiltak må vera tilpassa etablert bygningsmasse på eigen tomt og nabotomtar.

Ved ynskje om å etablere fleire enn 2 bueiningar på tomten er det sett fram krav om reguleringsplan. (Til ei bueining skal det vera eige kjøkken og bad.)»

Før kommunen handsamar saka ber vi om at det vert gjort greie for følgjande:

- Teknisk infrastruktur, uteopphaldsareal, parkeringsareal og snumoglegheit på eigen grunn , jf punkt 2.4 og at dette kjem fram på situasjonsplanen. Bestemmelsane i kommuneplanen vil vera retningsgjevande for handsaminga av saka.
- Storleiken på nytt husvære.
- At det er gitt utvida avkjøringsløyve til kommunal veg. Søknadsskjema følgjer vedlagt.
- At det er kapasitet i høve offentleg vatn og kloakk. Spørsmål om dette rettast til eining for Tekniskdrift.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen ber om tilbakemelding innan 6 veker, dvs. 30.06.2014. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen vert saka arkivert utan handsaming.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema avkoyrsle komm veg

Kopi til:

Elisabeth og Henning Knutsen	Stølen 37	5911	ALVERSUND
------------------------------	-----------	------	-----------

Mottakarar:

BARK as	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
---------	----------------------------	------	--------